

Vestnes Kommune

Vestnes 19.01.2021

postmottak@vestnes.kommune.no

Innspel forslaget til "Planprogram og planstrategi 2021 - 2030"

Etter ein gjennomgang av Kommuneplan 2021 – 2030 ynskjer vi å kome med nokre innspel og kommentarar.

Under «Visjon – Midt i blinken» (side 6) er det lista opp ei rekke kulepunkt utan at idrett er nemnt. Her burde nemnast at kommunen har eit aktivt og allsidig idrettsmiljø med gode anlegg og veldrivne idrettslag.

Strategi for kultur og fritid

Deltaking i kultur, idrett og aktivitetar heng saman med god helse. Vestnes Kommune samarbeider med lag og foreiningar slik at alle kan delta i fritidsaktivitetar. Barn og unge skal få gode kulturtilbod og tilgang til kultur- og idrettsanlegg som gir moglegheit for å dyrke eit mangfald av interesser. Vestnes Kommune skal aktivt bidra til at det byggas og etablerast framtidsretta arenaer kor ein kan drive med et mangfald av idrett og kultur.

Vestnes kommune inviterer innbyggjarar, næringsliv og lag og foreiningar til å være med å utvikle sine nærmiljø. Målet er å skape ein «bry deg kultur» kor alle utfordrast til å skape gode nærmiljø og eit varmare samfunn.

Vennleg helsing

Vestnes Varfjell IL

Joar Kirkeslett

Leder